



Internt notat

Vår ref.

2022/1491-1

Sakshandsamar:

Sveinung Seljås, 35 04 84 30

Arkivkode:

L12

Dato:

20.09.2022

| | |
|-------------|---|
| Til: | Sigurd Wiberg, Tone-Lill Pedersen og Turid Hagelia Korshavn |
| Frå: | Sveinung Seljås |

K – Detaljreguleringsplan RV41 Steane – Vrådal - Referat oppstartsmøtet 16.09.22.

Tid: 16.09.22, kl. 09.00 - 11:00

Stad: Kommunehuset, Treungen.

Til stades: Statens vegvesen ved Sigurd Wiberg, Tone-Lill Pedersen og Turid Hagelia
Korshavn
Plansjef Kviteseid kommune, Sveinung Seljås

01 Presentasjon av prosjektet

Utbetringsprosjekt, 6 km. Siktemålet med planarbeidet er primært å leggje til rette for ein trafikksikker køyreveg med kurvatur i tråd med vegnormalen N100 (standard Hø1 øvrige hovudvegar, ÅDT<4000 fartsgrense 80 km/t, 2 felt, gul midtstripe).

Prosjektet omfattar også kryssutforming fv. 38 Steane og fv. 38 Vrådal, utbetring av rasteplass på Steane og planlegging av gs-veg frå Vrådal hyttegrend til Straand Hotell (2,3 km).

02 Gjeldande plangrunnlag

Gjeldande plangrunnlag blei gjennomgått. Det er sju gjeldande reguleringsplanar på strekninga. Sjå notatet «Vurdering av behov for konsekvensutredning» av 09.09.22 rev. 20.09.22 for detaljar rundt plangrunnlag.

03 Aktuelle problemstillingar

Dei viktigaste problemstillingane på nåværande tidspunkt vurderast i vere:

- Nærføring til bustader
- Nærføring til Nisser – utfylling i vatn og kryssing av bekkar
- Skjæringar – bla ved Kvithamar og Illekleiv

Kommunen opplyser om at det er sett i gong reguleringsplanarbeid på Nedre Strand gnr./bnr. 14/30.

04 Vurdering av behov for konsekvensutgreiing

Statens vegvesen har vurdert behov for konsekvensutgreiing jf. notat «Vurdering av behov for konsekvensutredning» av 09.09.22 rev. 20.09.22. Notatet konkluderer med følgjande:

Basert på den informasjon som foreligger i og ved planområdet, kan ikke Statens vegvesen etter en samlet vurdering, se at planen kommer i konflikt med forskriftens §10, og planen vurderes ikke å få vesentlige virkninger for miljø og samfunn. Vi ser derfor ikke at det er behov for konsekvensutredning i henhold til § 8. De tema som er omtalt over vil i stor grad likefullt bli belyst gjennom den ordinære saksbehandlingen av reguleringsplanen, og omtalt i planbeskrivelsen. Dersom det i prosessen framkommer nye opplysninger/informasjon, kan det bli aktuelt å gjennomføre KU.

For detaljar visast det til notatet. Kviteseid kommune er einige i vurderinga om at det ikkje er krav om KU.

05 Planprosess

- a) Kunngjeringsgrense – utkast blei gjennomgått. SVV justerer kunngjeringsgrensa ved Vrådal hyttegrend, der ein i hovudsak følgjer byggegrensa i gjeldande plan. Innspel frå Tove Gulliksen Øy (Arbeidsgruppa for gang og sykkelveg i Vrådal) av 07.09.22 vedrørande gang- og sykkelveg langs rv. 41 frå kryss fv. 38 til den gamle vegstasjonen blei vurdert. Kunngjeringsgrensa utvidast til og med krysset med Furuheimsvegen, då det er størst grunnlag for gåande og syklande på denne strekninga.
- b) Pbl § 3-7. I samråd med planstyremakta nyttar vegvesenet pbl §3-7. Statens vegvesen utarbeider og legg fram forslag til arealplan for vegtiltaket, og legg planen ut til offentleg ettersyn etter føresegnene for vedkommande plantype.

Det skal haldast møte med administrasjonen og politikarane (planutvalet) undervegs i prosessen og før planen leggjast ut til høyring og offentleg ettersyn.

- c) Planen blir fremja som detaljreguleringsplan etter §§ 12-1 til 12-7 i plan- og bygningslova.
- d) Plannamn: Rv. 41 Steane – Vrådal
- e) Planid: 38212022002
- f) Planoppstart varslast ved varslingsbrev og på heimesida til vegvesenet og kommunen samt i VTB. Forslag til adresseliste over dei som bør varslast: <https://www.nissedal.kommune.no/reguleringsplan-rett-til-fremje-forslag.491161.22289268.tkt.html#generelt>. Lista supplerast med aktuelle naboar. Det er ikkje vel-lag i Vrådal hyttegrend. Kommunen er heller ikkje kjend med vel-lag i dei andre hyttefelta.

06 Framdrift – overordna plan

- Melding om oppstart sept./okt. 22
- Informasjonsmøte okt. 22
- (1. gongs behandling - avhengig av bruk av § 3-7)
- Offentlig ettersyn inkl. informasjonsmøte sommar 23
- 2. gongs behandling – haust 23
- Vedtak reguleringsplan – hausten/vinter 23